



Per Kenneth Bø
Nordbøvegen 91
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/819 - 17/22565

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
25.08.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 212/1 Eikange øvre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om oppdeling av bustad i to brukseiningar.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er opplyst i søknaden at tiltaket kan være i konflikt med vann og avløpsledninger, men det er ikkje lagt ved meir dokumentasjon eller informasjon om kva dette gjeld. Vi ber difor om supplerande opplysningar om kva dette gjeld.
2. Det er ikkje søkt om fråvik frå TEK i forbindelse med tiltaket. Alle gjeldande krav i TEK vil leggest til grunn dersom det ikkje vert søkt om og gitt fråvik frå teknisk forskrift.
3. Området er ikkje regulert og er difor omfatta av kommuneplanen for Lindås kommune. Eigedommen ligg i område definert som LNF-spreidd (pkt. 5.10-5.22 i kommuneplanen). For bebygd bustadeigedom som er tilfelle her gjeld pkt. 5.15 i kommuneplanen.

5.15 På eksisterande bustadeigedomar kan det gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a når samla utbygging er innafor dei grensene som er fastsett ovanfor. Det vert ikkje opna for nye bueiningar eller næringsbygg på bustadeigedommen. Det kan gjevast løyve til tilleggsareal inntil 200 m² etter pbl § 20-1 bokstav m. Heime: Pbl § 11-11 nr. 2.

Etablering av ny bueining på eigedommen er i strid med føresegnene i kommuneplanen og kan difor ikkje tillatast.

Dersom ein likevel ynskjer å søke om tiltaket må det søkast om og gjevast dispensasjon frå føresegnene i kommuneplanen. Søknad om dispensasjon skal også nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.09.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marlon Soltvedt

Mykingvegen 131 5913
A

EIKANGERVÅG

Mottakarar:
Per Kenneth Bø

Nordbøvegen 91 5937

BØVÅGEN